

Norconsult AS
Postboks 626
1303 SANDVIKA

Referanser:
Dykkar:
Vår: 21/7678 - 21/82597

Saksbehandlar:
Kjartan Medaas
kjartan.medaas@alver.kommune.no

Dato:
07.12.2021

Førebels svar med trong for tilleggsopplysningar - gbnr 239/95 Eknes ytre

Tiltak: Søknad om deling
Byggjestad: Gbnr 239/95
Tiltakshavar: Boligutvikling Vest AS
Ansvarleg søker: Norconsult AS

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 03.09.2021.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Deling av tomta i to krev dispensasjon frå reguleringsplanen for Eknes del av G.nr. 239, Planid: 1263-15021979. Føresegne §2 seier at arealet skal byggjast ut med frittliggjande einebustadar slik det er vist i planen. Planen viser eit hus på tomta. Informasjon om dispensasjon finn ein mellom anna på kommunen si heimeside: [Alver kommune - Dispensasjon](#) Me gjer merksam på søknad om dispensasjon skal nabovarslas.
2. Vegtilkomst via regulert veg Breivika synest å vera særslig bratt. Det må leggjast fram teikningar/ profil som viser at vegen kan byggjast i tråd med gjeldande krav. Det må søkjast om utvida bruk av avkøyrsla. Avkøyrsla er godkjent for det tal hus som reguleringsplanen legg opp til. Slik søknad sender ein via Vegvesenet sine heimesider.
3. Det må leggjast fram løyve til tilkoppling til VA. Eventuelt kan det leggjast fram førehandsløyve.
4. Situasjonsplanen må syna deleline mellom tomtane og rett areal.
5. Det må gjerast greie for kva tomt som skal opprettast som ny.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 16.01.2022. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningsane som ligg i søknaden.

Alver kommune

Postboks 4, 5906 Frekhaug
Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00

post@alver.kommune.no
www.alver.kommune.no

Kontonummer: 3207 29 30559
Organisasjonsnummer: 920 290 922

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søker om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innseining av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forseinkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltingsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennlig helsing
Alver kommune, Plan og bygesak

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Kjartan Medaas
avdelingsingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Norconsult AS

Postboks 626

1303 SANDVIKA